

1. Innledning

Advokatfirmaet Schjødt AS viser til Nærings- og fiskeridepartementets høyringsbrev av 18. desember 2020 med vedlagt høyringsnotat.

På overordna nivå støttar vi forslaget om å lempe krava til fysiske foretaksmøte ved å leggje til rette for auka bruk av elektroniske løysingar. Vi støttar også forslaget om at møteprotokollane skal kunne signerast elektronisk.

Nedanfor kommenterer vi enkelte sider av dei forslaga departementet har lagt fram. Etter vårt syn bør reglane vere mest mogleg like for dei foretaksformene som er omfatta av forslaget. Vidare vil det vere ein fordel om ein får tilsvarende reglar for andre foretaksformer, slik at reguleringa i lovverket blir mest mogleg einskapleg. For dei som skal delta på foretaksmøte i ulike typar foretak, er det ein fordel å sleppe å måtte halde seg til reglar med ulikt innhald. Med tanke på tolking og praktisering av regelverket er det også ein fordel med sams regulering.

2. Unntak frå vedtektsfastsette fristar

Departementet har gjort framlegg om ikkje å vidareføre regelen i den mellombelse lova om at samanslutningane kan fråvike vedtektsfastsette fristar for å halde generalforsamling og årsmøte.

Schjødt meiner det er behov for ein permanent regel på dette punktet med tanke på liknande situasjonar i framtida. Dersom det oppstår situasjonar der det ikkje er mogleg å gjennomføre fysiske generalforsamlingar eller årsmøte (pga. pandemiar eller anna), bør lovgivinga generelt opne for å fråvike fristen i vedtektene, slik at foretaka berre må halde seg til den lovfaste fristen. Under normale forhold kan vedtektsfastsette fristar har gode grunnar for seg. Ein kan ikkje leggje til grunn at foretak med slike fristar, har endra vedtektene sine på dette punktet som følgje av pandemien. Dermed er det framleis behov for ein permanent regel som opnar for å fråvike vedtektene i ekstraordinære situasjonar.

3. Generalforsamlingar og årsmøte

Vi støttar forslaget om å vidareføre hovudregelen om fysisk møte, samtidig som vedtektene skal kunne fastsetje at møta skal haldast ved bruk av elektroniske hjelpemiddel. Vi er samde med departementet i at alternativ 2, som legg vedtakskompetansen til styret, er det alternativet som har best grunnar for seg.

Problemet med alternativ 1 er i første rekke at selskap som ikkje har lagt til rette for elektroniske generalforsamlingar og årsmøte i sine vedtekter, i utgangspunktet vil bli avskorne frå å halde slike møte. Det treng ikkje vere medvite at vedtektene ikkje har ei slik føresegn; det kan like gjerne vere fordi stiftarane ikkje tenkte gjennom spørsmålet då vedtektene vart utarbeidd. Av den grunn bør det vere rom for å halde elektroniske generalforsamlingar og årsmøte sjølv om det ikkje følgjer av vedtektene.

Schjødt er samd i at det bør innførast eit generelt krav om at elektronisk gjennomføring av generalforsamling og årsmøte må vere forsvarleg. Som departementet er inne på, bør det leggjast til rette for at aksjeigarane/medlemmene kan stille spørsmål til og få svar frå leiinga. Derfor bør aksjeloven § 5-15, allmennaksjeloven § 5-15 og samvirkelova § 51 endrast slik at informasjonsplikta ikkje berre gjeld på generalforsamlinga/årsmøtet, men også ein periode etterpå, overfor personar som har stilt spørsmål men som ikkje har hatt høve til å delta på møtet. Vi kan ikkje sjå at det er behov for særskilte reglar om protokollføring eller tvilsrisiko når det gjeld styrets vurdering av om elektronisk møte vil vere forsvarleg.

Vi støttar endringane i aksjeloven § 5-7 og samvirkelova § 43 om forenkla generalforsamling/årsmøte, og kan ikkje sjå at det er behov for å endre reglane ut over det som departementet har foreslått. Vi meiner som utgangspunkt at dagleg leiar og revisor ikkje bør ha ein sjølvstendig rett til å krevje at det blir halde fysisk møte. Samtidig må det ved styrets vurdering av om det vil vere forsvarleg å arrangere møtet elektronisk takast omsyn til om dagleg leiar eller revisor har gitt uttrykk for at det bør haldast fysisk møte.

Vi er også samde i at medlemmar i samvirkeforetak bør har rett til å delta elektronisk på årsmøte som blir gjennomført fysisk, ut frå same reglar som gjeld for aksjeselskap. Tilsvarande bør samvirkelova opne for førehandsrøysting på same vilkår som etter aksjeloven.

4. Møteforma

Departementet har gjort framlegg om ein legaldefinisjon av "møte". Definisjonen er til hinder for at møte blir haldne ved sirkulasjon av fysiske dokument. Schjødt ber departementet vurdere om det bør vere ei opning for at møte blir haldne på denne måten, typisk i tilfelle der det kan vere vanskeleg å få til både fysiske og

elektroniske møte (t.d. der deltakarane for ein stor del er eldre personar, og det er lange reiseavstandar).

5. Selskapsmøte i ansvarlege selskap m.m.

Schjødt støttar forslaget om at selskapsdeltakarar og andre som har rett eller plikt til å delta på selskapsmøte, skal ha rett til å kreve at dette blir gjennomført som fysisk møte. Dette har samband med kravet om samtykke på selskapsmøtet, som i sin tur må sjåast i lys av det uavgrensa deltakaransvaret.

6. Styremøte mv.

Schjødt støttar forslaget om at elektroniske styremøte i større grad blir likestilte med fysiske styremøte. Vi reiser likevel spørsmål om det alltid bør vere styreleiaren som skal ha det avgjerande ordet på dette punktet. Særleg gjeld dette når departementet gjer framlegg om at kvart styremedlem og den daglege leiaren ikkje lenger skal ha rett til å kreve fysisk møte. Etter vårt syn bør eit fleirtal av styremedlemmane kunne kreve fysisk møte, sjølv om styreleiaren skulle meine at det vil vere forsvarleg med elektronisk møte. Vi kan ikkje sjå at det er nokon grunn til at styreleiaren på dette punktet skal ha større makt enn i andre saker. I enkelte styre kan det vere maktkamp og indre motsetnader. Styreleiaren bør då ikkje ha ein eksklusiv rett til å bestemme behandlingsforma ut frå taktiske omsyn.

Lovteksten har fått ei noko uheldig utforming. Det står at styret skal behandle spørsmålet i møte, men det står ikkje kven som skal avgjere om dette møtet skal vere fysisk eller elektronisk. Etter lovteksten skal styreleiaren berre velje mellom fysisk eller elektronisk møte på den eine sida og annan måte på den andre sida. Ut frå ordlyden er det derfor noko uklart om det er styrefleirtalet eller styreleiaren som skal avgjere om det blir fysisk eller elektronisk møte.

Samvirkelova § 82 stiller i dag krav om at styrebehandlinga skal vere "fullgod", medan aksjeloven seier at ho skal vere "betryggende". Schjødt meiner at det i lys av dei andre forslaga som det er gjort framlegg om, kan vere grunn til å vurdere om "fullgod" skal erstattast med "forsvarleg". Språkleg ligg "forsvarleg" nærmare opp til "betryggende" enn det "fullgod" gjer. Dessutan blir det i høyringsnotatet foreslått eit krav om "forsvarleg gjennomføring" i samvirkelova § 45 a. Reelt gjeld eit krav om forsvarleg gjennomføring for både årsmøtet og styret, og då er det ein fordel om språkbruken i lova er konsistent på dette punktet.

Lovteknisk bør kravet om forsvarleg/fullgod behandlingsmåte løftast fram i første punktum i samvirkelova § 82 andre ledd, aksjeloven § 6-19 andre ledd og allmennaksjeloven § 6-19 første ledd. Det er dette som er det generelle, overordna kravet. Det bør derfor nemnast før meir detaljerte krav om saksbehandlinga, som kan takast inn i andre punktum.

Schjødt støttar framlegget om at årsrekneskap og årsmelding mv. skal kunne behandlast i elektroniske møte også i samvirkeforetak og allmennaksjeselskap, og kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg gode grunnar til å vidareføre dagens regel.

7. Lovteknikk og språk

Vi har nokre lovtekniske og språklege merknader som vi vil kunne kome tilbake til seinare.

Vennleg helsing

Tore Fjørtoft

Advokat PhD

Advokatfirmaet Schjødt